

Før valet i 2021.

Eg har skrivt til riks politikarar og fylkes politikarar utan å få konkrete svar på punkta under. Dei tar ikkje innover seg det eg faktisk skriv om. Dei svarar på kva dei gjer for, ferjetrafikken for heile landet.

Det kan dessverre sjå ut som det ikkje finnes retningsliner for drift av ferjer og det finnes heller ingen retningsliner for prising av hurtigbåt.

Alt under her er fakta om samferdslepolitikken for Austevoll. Det er eksempel henta frå ferjestatistikken.

- Austevoll er den mest folkerike kommunen i landet utan fastlandsforbindele. Sambandet Hufthamar - Krokeide har vokse seg til å bli det største fylkesvegferjesambandet i «Hordaland» og no i Vestland.
- Hufthamar – Krokeide har to timar kortare opningstid og langt færre avgangar enn eit landfast samband med om lag halvparten av trafikken. Dette sambandet har og to ferjer i drift kvar dag heile året. **(Det me ber om er altså eit likeverdig tilbod som eit landfast samband med om lag halvparten av trafikken, har i dag. Siste ferja må gå frå Hufthamar 01:00.)**
- Eit anna landfast og nattope! samband, med mindre trafikk, går med 3500 tomme ferjer i året(2018 tal).
- Sambandet Husavik – Sandvikvåg har og dårlegare rutetilbod enn samanliknbare strekningar.
- Det er to kommunar i Hordland som ikkje er landfast, det er Fedje og Austevoll. Me har ikkje alternative køyreruter slik alle andre kommunar har. **Austevoll stengjer 22:35 ut av kommunen.**
- [Helge Hopen rapporten](#) konkluderer og med at Austevoll har dårlegare ferjetilbod enn samanliknbare strekningar.
- Skyss, HFK og no Vestland FK har brukt 14 år (!) utan og gjera noko med pris på hurtigbåt, som varierer på ulike strekningar med opp til 400% (!) ut frå pris pr. km.
- Austevoll er den einaste kommunen som ein i praksis ikkje kan reisa gratis inn i ein anna kommune med buss i det «nye» takstsonekartet som gjeld Hordaland.

Det er synd at distrikta sitt parti SP og dei andre politiske partia ikkje tar dette inn over seg.

Tore Hufthammer.